

Til valdleder

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 21/3534 - 22/48437

Saksbehandlar:
 Mikkel Bengtsson
 mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
 22.06.2022

Informasjon om fellingsløye 2022, minsteareal, reduksjonsavskytings prosjekt, resultat av tannsnitt/kohort, fellingsavgift og sett hjort.

Alver kommunestyre vedtok i februar 2022, for annan gong på 3 jaktsesongar, ny lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløye på hjort i Alver kommune. Forskrifta gjeld frå jaktsesongen 2022. Hjortejakta 4631V0016 "Nordangervågen" nord på Radøy vert gjort til eiga arealsone for minsteareal på 200 daa og samtidig vert minstearealet redusert på delar av Radøy og i heile gamle Lindås kommune. Dette vil bety fleire fellingsløye til nokre av valda i kommande jaktsesong.

Minsteareal for fellingsløye og godkjenning av hjortevald er fastsett til:

	Gardsnummer	Minsteareal 2022	Minsteareal 2020	Minsteareal før 2020
Radøy med Toska og Marøy	414, 417-479, 490-492 og 494-502	250 daa	350 daa	400 daa
Radøy, sørøm Søre Radøy grunneigarlag og Askeland til og med Alverstraumen	130-134 og 480-489	600 daa	600 daa	750 daa
Nordangervågen Hjortevald 4631V0016	415-416 og 493 Del av 414 med bruksnummer i Vald 4631V0016	200 daa		
Gamle Lindås kommune, forutan Alverstraumen	4-248	400 daa	500 daa	1500 daa
Gamle Meland kommune med Flatøy	1 og 304-357	400 daa	400 daa	400 daa

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Uttak sesong 2021 samt reduksjons- og demografisk forbetrande avskytings prosjekt år 1.

Tildelinga var i 2021, som første året i reduksjonsavskytings prosjektet, radikalt endra med omsyn til kjønn og alder. Dette som eit ledd i arbeidet med å oppfylla den kommunale målsetting for hjort. Målsetting for forvaltning av hjort har som hovudfokus å skape ein berekraftig og dynamisk populasjon av hjort som er tilpassa lokalt leveområde og landskap. Uttaket av hjort skal leggja til rette for naturleg aldersstruktur og einsarta kjønnssamansetting i bestanden og forbетra brunstdynamikk, reproduksjon samt kroppsvekt.

Hovudfokus er å bevare modne produksjonskoller i bestanden, og redusere samtidig kvalitetssikra rekrutteringa i bestanden mellom aldersklassene: kalv/fjorkolle, fjorkolle/ungkolle og ungkolle/utvaksen kolle. Den tilsikta einsarta kjønnssamansettinga i bestanden skal på sikt fordele beitestrykket betre da dei ulike kjønna har ulike beitepreferansar. Ein berekraftig reduksjon vert først oppnådd når delen av produserande koller internt i bestanden vert redusert. Jaktpresset på både pinne- og eldre bukk er redusert i uttaket for å heva gjennomsnittsalderen og forbetra kjønnssamansettinga. Uttak av hanndyr i prosjektet er av sekundær betydning då dette bare reduserer totalbestanden.

Grunnprinsippa ved fastsetting av fordelinga i uttaket med omsyn til kjønn og alder er:

- Eit totalt uttak som vil liggja 10-25% over den forventa tilvekst.
- Fordeling på kjønn i uttaket skal som minimum tilsvare fordeling på kjønn i bestanden. Ved skeiv kjønnssamansetning, høgt innhald av fjorkoller/ ungkoller samt ved fallande slaktevekt i bestanden skal ein heva uttaket av hodyr ytterlegare.
- Uttaket målrettast mot at maksimalt 40% av totaluttaket skal vere hankjønn.
- For å sikra eit dyreetisk korrekt uttak av koller i produksjon, målrettast uttaket mot ei fordeling mellom eldre kolle/kalv på 1:1,5-1:2.
- Som utgangspunkt siktes det mot eit einsarta uttak av fjorkoller i forhold til eldre koller og ei einsarta fordeling i uttaket mellom kolle (fjorkolle/eldre) og kalv.
- Eit uttak som ligg mellom hann/ho-ung/eldre på 40/60-60/40 og hann/ho-ung/eldre 30/70-70/30 i reduksjonsfasen.

Mange positive tendensar kan observerast i uttaket 2021 kontra 2020. Til tross for endringa i samansettinga av løyvetildelinga er det lykkast grunneigarar/ jegerar å fasthalde eit høgt uttak med ny fellingsrekord på 1151 dyr. Kalveprosenten i uttaket er auke frå 26% i sesong 2020 til 33% sesong 2021. Uttakets samansetting er endra hann/ho/kalv: 35/39/26 i sesong 2020 til 25/42/33 i sesong 2021. Løyva vart til sesong 2021 utdelt i hann/ho/kalv: 20/40/40. Uttakets fordeling ung/eldre er forbetra frå 59/41 i sesong 2020 til 70/30 sesong 2021. Mest positivt er utviklinga i uttakets kjønnssamansetting som var hann/ho: 49/51 i sesong 2020 til 43/57 i sesong 2021. Mange parametrar og nøkkeltal er vorte forbetra i sesong 2021 kontra sesong 2020 med omsyn til reduksjon og uttakets demografisk forbetrande effekt på den gjenlevande bestand.

Uttaket utgjer 26% av den kohort estimerte total bestand i sesong 2021. Det vert tatt ut 32% kalv, 22% hanndyra og 26% av hodyra i bestanden. Både storleik og fordeling av uttaket har endra kjønnsamansetning av hjortebestanden i retning av ein meir livskraftig bestand fordi at ein ikkje har redusert på det totale tall hanndyr, men berre redusert det totale tall hodyr.

Administrasjonen avventar fellingsresultat 2022 for å sjå om endra uttak av fjorkolle/ eldre kolle var eit resultat av CWD prøvetaking samt tannsnitt eller om det jegarane hadde meir fokus på å ta ut fjorkoller.

Uttaksfordeling sesong 2021.

	Hann kalv	Ho kalv	Pinne Bukk	Fjor kolle	Eldre bukk	Eldre kolle	Sum
Felte dyr	204	178	163	259	132	215	1151
Fordeling %	17,8	15,5	14,1	22,5	11,5	18,6	
Snittvekt	25,89	23,65	48,23	44,04	76,67	56,98	
Total kg	5220	4209	7861	11406	10120	12251	51067

Kohortanalyse sesong 2021

Kommunale målsetting for hjort i Alver kommune sei at forvaltninga av hjortevilt skal vera kunnskapsbasert forvaltning. Dette var årsaka til at ein i 2021 sette i verk eit tannsnitt/ kohort prosjekt. Målet var at det skulle gje oss kunnskap om populasjonens kjønns og demografiske samansetting og samtidig kalibrere uttakets nivå og samansetting i forhold til utvikling av bestanden.

Det var stor forskjell innad i kommunen om kor mange som leverte inn tenner. Av dei 1151 hjortane som vart felt i Alver i 2021, mottok kommunen tannmateriale frå 58 bukkar og 91 koller 2,5 år eller eldre. Kommunen mottok tannmateriale frå 90 dyr frå Lindås, 7 hjort frå Meland og 52 hjort frå Radøy. Dette tilsvaret 44 % av felte bukkar 2,5 år eller eldre og 42 % av felte hind 2,5 år eller eldre. Administrasjonen takker for jegerar/grunneigarar som valte å støtte prosjektet ved å senda inn tenner.


Kort summert visar kohort analysen frå FAUN, kalibrert på noverande uttaks mengde og alder/ kjønnsfordeling sesong 2021, at hjortepopulasjonen i Alver kommune er redusert med 10% frå før jakt 2021 til før jakt 2022.

Kjønnssamansettinga er i same periode forbetra frå 1,37 kolle pr bukk til 1,19 kolle pr bukk før jakt. Kalveproduksjonen vil bli redusert frå rundt 1200 kalvar i 2021 til estimert 950 kalv i sesong 2022. Målsetting om maksimalt 40% hanndyr i uttaket er ikkje oppfylt.

Rapporten viser at det einsarta kjønnsmessige uttak over fleire år utan omsyn til kjønnsamansettinga i den levande bestand har betydd at bukk i aldersklasse 3 (5-9årige) stort sett ikkje eksisterer i Alver kommune samt aldersklasse 4 (10-12årig) er totalt manglande.

Det markant reduserte jaktpresset på hodyr over fleire år i forhold til kjønsamansettinga i den levande bestand har positivt moglegjort at bestanden innheld hodyr i aldersklasser 3 og 4.

Over 12% av hodyra vart aldersbestemt til 10,5 år eller eldre og det eldste hodyret var 20,5 år. Det eldste hanndyr vart aldersbestemt til 8,5 år og hanndyr i aldersklasse 2 (2-4årig) utgjorde massive 79% av uttaket. Gjennomsnittsalder på dei skotne dyra i kategori «2,5 år og eldre» er 3,5 år for hann og 5,8 år for ho i Alver kommune, lågast på Radøy.



Den svært urovekkande aldersklasse samansettinga på hanndyrs sida er ei direkte følgjeskade av det gamle avskytings regime med 20% i kvar dyrekategori og einsarta kjønnsmessigt uttak som har vore praktisert i mange år. Dette regime har ikkje tatt omsyn til alder og kjønnsamansetting i den levande bestanden og uttaket har ikkje vore avstemt etter den reelle bestands storleik. Uttak av hanndyr har tilsynelatande vore uforholdsmessig høgt og utskiftinga i hanndyrs bestanden har ikkje tillat at bukk har kunna vorte fysisk utvakse. Bestanda innholder nesten ikkje bukkar over 5 år.

Den reelle levande bestands størrelse er uavhengig av redusert minsteareal, maksimalt bruk av 50% og ynskje om hurtig reduksjon av hjortebestanden. Tall løyver i sesong 2022 vert auka for å mogleggjera fri kalv/ fjorkolle prosjekt i storvalda med ein totalt tildeling for Alver kommune på 2049 løyver. Dersom ein skulle følgt tidlegare praksis for tildeling med utgangspunkt i 20% i kvar kategori ville dette ha betydd att 60% av bestandens hanndyr var tildelt på løyva. Det ville gitt det motsette resultatet av det me ynskjer å oppnå.

Alver kommune har rundt 1350 hanndyr før jakt kvart år og neverande uttak bevarer dette nivå. Uttaket av disse skal no avstemmast etter å ramme same uttaksnivå internt på hanndyrs sida som har skapt aldersklasse 3 og 4 på hodyrs sida. Oppbygging av en tilfredsstillande mengde bukk i aldersklasse 3 og 4 er ein større utfordring enn sjølve reduksjon av bestanden.

FAUN rapporten gjer, vurdert ut frå vektstagnasjonen på hodyra, ein indikasjon på at hovuddelen av hodyra i snitt blir kjønnsmodne som 2-3-åringar og startar å produsere kalv ved ca. 3-4 års alder. Etter 4 års alder flater veksten meir ut, og den årlege auke i vekt er liten. Basert på aldersbestemt materiale veks hodyra i Alver ved aukande alder frem til 3-4 års alder. Som for hanndyr, er det relativt få observasjonar bak kvar årsklasse og denne prognose er sver usikker.

Vektstagnasjonen skyldast at kolla brukar energien til eige avkom og samtidig stagnerar eller reduserast kolla si kroppsvekt. I hjortebestandar med høg bestandskondisjon skjer vektstagnasjonen allereie frå 2-3 års alder, da hodyra her startar å produsere kalv tidlegare. Dette illustrerer tidsforskjellen hodyra bruker på å nå kjønnsmodnen alder, som i stor grad er avhengig av kroppsvekt. Dette viser kor ekstremt viktig det er at uttaket av koller over aldersgruppa fjorkoller vert retta mot unge koller i aldersklasse 2. Dette for å skyta bort dei kollene som ikkje produserar.

FAUN rapporten tek utgangspunkt i ein direkte relasjon mellom det kjønnsmessige forhold blant kalv i uttaket som rettviser for kjønnsamansetting ved fødsel. Rapporten bruker ein

kjønnssamansetting blant kalv på hann/ho 53/47 i framskriving av populasjonen. Forsøk frå Rum i Skottland og Tyskland/ Østerrike viser at kalvesettinga i bestand med høg bestandstettleik, fallande slaktvekte og mangel på utvaksne bukkar har ei overvekt av kollekalvar. Nokre av desse faktorane kan dokumenterast i Alver kommune, andre består av vurderingar ut frå situasjonsbildet.

Tilleggsutrekninga på FAUN rapporten med 53%, 45% og 40% bukkekalv i kalvesettinga viser at når kjønnssamansettinga blant kalvar beveger seg i retning av meir kolleklavar blir bestandsreduksjonen og endringa i kjønnssamansettinga redusert.

Administrasjonen vil på grunnlag av dette halda fast på eit planlagt uttak som er meir skeiv enn den kohort estimerte kjønnssamansetting i bestanden. Uttaket skal kunne absorbere denne eventuelle skeive kjønnssamansetting i kalvesettinga for at oppfylle målsettinga om ein einsarta kjønnssamansetting i bestanden etter reduksjonsavskytingsprosjektet med planlagt varigheit på 3 år.

Utvikling i hjortetettleik/ kjønnssamansetting ved varierande bukke kalv andel.

Berekningar for tall hjort frå og med jakt 2021 til etter jakt 2022 ved opprettheldt jaktuttak, med tilhøyrande eksemplar på framtidige jaktuttak. Forutsetningar: naturlig dødeleighet=7%, kalverate før jakt=0,59. **Hannkalvandel=53%**

	Før jakt 2021	Jaktuttak 2021	Etter jakt 2021	Før jakt 2022	Jaktuttak 2022	Etter jakt 2022
Kalver	1177	382	795	955	382	573
Hind	1841	474	1367	1619	474	1145
Bukk	1340	295	1045	1364	295	1069
Sum	4358	1151	3207	3938	1151	2787
Kalv per hind	0,64		0,58	0,59		0,50
Hind per bukk	1,37		1,31	1,19		1,07

Berekningar for tall hjort frå og med jakt 2021 til etter jakt 2022 ved opprettheldt jaktuttak, med tilhøyrande eksemplar på framtidige jaktuttak. Forutsetningar: naturlig dødeleighet=7%, kalverate før jakt=0,59. **Hannkalvandel=45%**

	Før jakt 2021	Jaktuttak 2021	Etter jakt 2021	Før jakt 2022	Jaktuttak 2022	Etter jakt 2022
Kalver	1177	382	795	990	382	608
Hind	1841	474	1367	1678	474	1204
Bukk	1340	295	1045	1305	295	1010
Sum	4358	1151	3207	3973	1151	2822
Kalv per hind	0,64		0,58	0,59		0,50
Hind per bukk	1,37		1,31	1,29		1,19

Berekningar for tall hjort frå og med jakt 2021 til etter jakt 2022 ved opprettheldt jaktuttak, med tilhøyrande eksemplar på framtidige jaktuttak. Forutsetningar: naturlig dødeleighet=7%, kalverate før jakt=0,59. **Hannkalvandel=40%**

	Før jakt 2021	Jaktuttak 2021	Etter jakt 2021	Før jakt 2022	Jaktuttak 2022	Etter jakt 2022
Kalver	1177	382	795	1012	382	630
Hind	1841	474	1367	1715	474	1241
Bukk	1340	295	1045	1268	295	973
Sum	4358	1151	3207	3995	1151	2844
Kalv per hind	0,64		0,58	0,59		0,51
Hind per bukk	1,37		1,31	1,35		1,28

Fri kalv/ fjorkolle prosjekt for Storvald.


Administrasjonen introduserer, i samarbeid med styra i dei involverte storvalda, fri kalv/ fjorkolle uttak i sesong 2022. Tiltaket er tilgjengeleg for: **Lindås Vest Hjortevald 4631V0053, Lindås Hjortevald 4631V0052, Myking/ Hundvingrend Grunneigarlag 4631V0077 og Holsnøy Storvald 4631V0085.**

Adgang til fri kalv/fjorkolle delprosjektet gjeld alle jaktretts havara internt i omtalte vald. Tiltaket er ein moglegheit, IKKJE ei pålegg. Etter sesong 2022 vil det bli vurdert om tiltaket skal vidareførast i sesong 2023.

Tiltaket er eit delprosjekt i det pågående reduksjonsavskytingsprosjektet. Det no mogleg for grunneigarane å ta ut dårleg kondisjonerande kalvar og fjorkoller utan det tell på løyva, og utan at skal betalast fellingsavgift grunna dei vektavhengige fellingsavgifter. Fri kalv/ fjorkolle delprosjektet skal ikkje vurderast som et fritt uttak av fint kondisjonerte fjorkoller. Hovudfokus er på auke i uttak av kalv.

En viktig motivasjon for tiltaket fri kalv/ fjorkolle avskyting er å gjera det mogleg for grunneigarane å fella dyr også etter at dei ordinære jaktkvotane er fulle, og på den måten få økonomisk kompensasjon for skader på avlingane. Tiltaket er og for å redusere de stasjonære hodyrflokkar som gjer omfattande skade lokalt på jordbruksareal igjennom eit auka uttak av kalv/ fjorkoller.

Avskytingstala frå sesong 2021 viser at ein slit med at heva uttaket av kalv noko som gjer at det er naudsynt med eit større uttak av fjorkoller. Dette vil på sikt bety at man ikkje vil oppleve ein tilfredsstillande kvalitetsauke på fjorkoller fordi ein ikkje klarar å ta ut dei dårlegaste kalvane i stor nok grad. Tiltaket har og fokus på å redusere det markante auke i tall påkjørsler på FV57 i Lindås gjennom lokal reduksjon av hjortebestanden langs FV57. Ytterlegare viser FAUN rapporten at Lindås har tapt framdrift i reduksjonen i sesong 2021.



Fri kalv prosjekt for andre vald.

I informasjonsbrev frå Miljødirektoratet datert 15.06.2022 vert kommunen informert om moglegheit for kvotefri avskyting av hjortekalv gjeldande for eventuelt alle hjortevald i kommunen. Kommunar kan etter søknad få tillatelse til å tildele kvotefri jakt på kalv til jaktsesong 2022. Søknad skal sendes inn innan 10 august 2022.

Kor sannsynleg det er å få løyve til kvotefri jakt på kalv frå Miljødirektoratet er uvist. Alver kommune planlegg snarast å sende inn søknad såleis at det kan verta mogleg å tilby hjortevald som ikkje deltek i fri kalv/ fjorkolle delprosjektet, fri kalv.

Jegerseleksjon

Administrasjonen presiserer viktigheita av at uttaket utførast selektivt avhengig av kroppsstørrelse i dei forskjellige kategoriene. Ein stor del av uttaket i Alver kommune skjer på innmark kor mogleheitene for selektiv avskyting er stor.

Heva uttak av kalv vil moglegvis følast kontroversielt, men det er grunnsteinen til ein dyreetisk korrekt reduksjon av produserande hodyr og kvalitetssikring av bestanden frå grunnen. I sesong

2021 blei kunn 32% av kalvane tatt ut gjennom jakt. Ved uttak av dei minste kalvane aukar sannsynligheten for at det er kollekalv som vert felt. Det er dei sterkeste kalvane som er dei tidlegaste fødde og har sannsynlegvis foreldredyr i optimal kondisjon og med høgast alder. Selektivt uttak av kalv skal auka sannsynligheten for at kollekalvar som overlever jakta har ei kroppsvekt med auka sjanse for drektigheit som fjorkolle. Det selektive uttaket av fjorkollar er for teoretisk å ta ut dei fjorkollene som ikkje er vorte bedekte som 1,5 åring.

Det oppfordrast, som utgangspunkt, at fordelinga mellom fjorkolle og eldre koller er 50/50 i uttaket. I praksis er det viktigare å skyte selektivt etter kroppsstørrelse, då uttaket dermed fokuserast på «ikkje utvaksen» og produksjonsdyr i «dårleg kondisjon».

Den selektive avskytinga er viktigare enn den reelle fordelinga. Hovudfokus er å bevare modna avlskoller i bestanden etter jakt, då dei kjem tidlegare i brunst og fører fram fleire og tyngre kalvar enn yngre koller. Spesielt i ein fase med reduksjon av bestanden er fekunditets tall (andel som føder kalv) og slaktevektenes utvikling viktige referansepunkta.

Sett hjort

Observasjonar frå jeger i hjortejakta er eit viktig bidrag til overvaking og forvaltning av vår lokale hjortestamme.

Innsamling og systematisering av jegerane sine observasjonar og slaktevekter skjer enklast via mobiltelefon på «Min side» på hjorteviltregisteret.no eller via appen «sett og skutt».

Observasjonar gjort på jaktdagar, der ein ikkje har skote dyr, er like så viktige som dei dagane der det er skote dyr.

Etter jaktsesongen skal vald leiar «avslutta jakta» i Sett hjort, etter at valdets elektroniske innrapportering er lagt inn. Då veit administrasjonen at valdet er ferdig med innrapportering for årets sesong.

Vald leiar vert beden om å kontrollera at kontaktopplysningane er korrekte.

Fellingsavgift

For sesong 2022 vert vidareført med vekt- og aldersavhengig fellingsavgift gjeldande for heile Alver kommune. Fellingsavgifta er inndelt i 4 kategoriar:

Kategori	Fellingsavgift – kr.
Vaksen hjort (inkl. spissbukk) med slaktevekt over 40kg	300
Vaksen hjort (inkl. spissbukk) med slaktevekt under 40kg	180
Kalv med slaktevekt over 20kg	180
Kalv med slaktevekt under 20kg	0

Bruk av vektavhengig fellingsavgift krev stadig at hjortevalda elektronisk registrerer slaktevekt på alle dyr som vert tatt ut, slik at vektene kan danna grunnlag for å fakturere fellingsavgift. Den vektavhengige fellingsavgifta skal premiere uttak av dårleg kondisjonerte individ og er ein

moglegheit som vert tilbydd hjortevalda. Viss hjortevalda ikkje leverer inn slaktevekta vil fakturering skje på vanlig vis.

Intensiteten av innlevering av slaktevekter i Alver kommune er inne i ein positiv fase med registrering av 34% av uttaket i 2019 til 68% i 2021. Administrasjonen vil sterkt oppfordra alle til å fortsette å innlevera slaktevekter på all skoten hjort.

Avslutningsvis

FAUN rapporten må sjåast på som ein prognose som visar trendar i bestanden og korleis noverande uttak påverkar og former framtidas bestand av hjort i Alver Kommune. Rapporten er brukt til å kalibrere/ kontrollera om dei føringar og ekstraordinære kortsiktige tiltak som vert iverksett av administrasjonen er i tråd med kommunal målsetting for hjort. Det er ein viss usikkerheit knytt til resultata i rapporten, og er eit av fleire kunnskapsgrunnlag som ligg til grunn for forvaltning av hjort.

FAUN rapporten med tannsnitt for dei enkelte dyr vil bli oppplasta til kommunens heimeside.

Jakt er det viktigaste bidraget til å forme- og utvikle den lokale hjortebestanden. Gjennom uttaket vert det lagt føringar for kjønns- og aldersstrukturen, produktivitet samt vekst i den gjenlevande bestanden etc. Hjorteviltregisteret viser ei negativ utvikling i hjortens størrelse og kondisjon i Alver kommune. Årsakene til denne utviklinga har fleire sider, og kan forklarast blant annet i bestandsstørrelse og individkonkurranse, beitegrunnlaget samt mineralmangel, forsinka brunst og paring som følgje av dei vert uro i jakta og få dominante hanndyr til å fullføre brunsten.

Utviklinga av aldersklasse 3 og 4 bukk i Alver kommune vil bli ein jobb som strekk seg utover lengda av reduksjonsavskytings prosjektet og er av vital betydning for å få fleire koller para i 1. eggloysing.

Reduksjonsavskytings prosjektet har allereie bidrege til at me har starta ei positiv utvikling.

Me ynskjer grunneigarar og jegerar i Alver kommune «skitt jakt» i sesongen 2022.

Med helsing
Alver kommune, Landbruk

Vedlegg:

Fellingsløyve 2022
Tilbod om ettersøksavtale frå Nordhordland ettersøkslag og Nordhordland Jakt og Fiskelag.

Mottakarar:

Valdansvarlig

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

